| Aurland kommune | Balestrand kommune | Høyanger kommune | Leikanger kommune | Luster kommune | Lærdal kommune | Sogndal kommune | Vik kommune | Årdal kommune |
| --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- |



# Møte med Hardangerrådet 24. juni 2014

## Ordførar Harald Offerdal, leiar i Sogn regionråd

SOGN REGIONRÅD



Sandane
Byrkjelo
E39
Florø
Eikefjord
Skei
Jostedalsbreen
Sognefjellet
55
Jostedalen
Skjolden
Fortun
Turtagrø
Store Skagastølstind
Veitastrond
Luster
Førde
Gaupne
Marifjøra
Hamnen
Askvoll
Dale
Fjærland
5
Sande
Hafslo
Hjelle
13
Solvorn
Urnes
Øvre Årdal
Årdal
53
Vadheim
Høyanger
Dragsvik
Hella
Leikanger
Sogndal
Kaupanger
Årdalstangen
Tyin
Heggebøen
Lavik
Balestrand
Vangsnes
Mannheller
Fodnes
E16
Maristova
Sognefjorden
Oppedal
Bjordal
Vik
Frønningen
Lærdal
Borlaug
Ervindvik
13
E16
Lærdalstunnelen
Vikafjellet
Trondheim
52
Gudvangen
Aurland
E16
Flåm
E39
Vinje
Søgn
Myrdal
50
Bergen
E16
Oslo
Voss
13
Ulvik
Finse
Granvik
Geilo
Eidfjord
Bergen
7

# Føremål

- Felles arena for å utvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen
- Base for definerte prosjekt
- Samordne og forenkle oppgåver for kommunane



# Folketalsutvikling og framskriving




Endring i folketalet i tida 2004-2014

Folketalsframskriving for 2023 og 2033 (SSB)




Sogn regionråd

# Sysselsetjing i regionen



# Mål og satsingsområde

## Hovudmål:

Auka folketal og styrka næringsutvikling



## Satsingsområde:

- Næringsutvikling
- Samferdsle
- Helse



# Næringsutvikling

- Byggja nettverk og samhandlingsarenaer, styrka samarbeid med næringsliv,  utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar, og skapa oppslutnad om felles regionale utviklingsprosessar
- Regionalt barnehage- og skulesamarbeid; satsing på entreprenørskap i skulen med  entreprenørskapsmesser, entreprenørskapsstudie for lærarar og kompetanseheving/fagnettverk for lærarar
- Utvikla statlege og fylkeskommunale verksemder og støtta opp om vidare teknologiutvikling i industrien



# Samferdsle

- Felles bu- og arbeidsmarknad:
  - Vegutbetringar for å få 45-minuttsregion
  - Halvtimes ferjeavgangar og nattferjer i Balestrandsregionen
- Flyplass
  - Regularitet og kapasitet: direkte avganger og nattstasjonert fly
  - Rullebaneforlenging
- Tunnellar
  - Vinje-Hella-Sogndal: Vikafjellstunnel
  - Trondheim-Bergen: Sognefjellstunnel





# Auka lønsemd i reiselivet

- Sogn regionråd har vore prosjekteigar for etablering av eit regionalt reisemålsselskap og nytt selskap skipa i februar 2013
- Nye Visit Sognefjord AS er det største selskapet i Fjord Norge etter Bergen og Stavanger/Sandnes
- Fokus framover: Utvikla Sogn som heilårsreisemål





# Karrieremesser

Film Kom til Sogn










# Tilflytting og rekruttering

Vi må trekkja unge, kvalifiserte personar til Sogn

Regionen har meir enn 2000 studentar - bør retta ekstra fokus på dei som alt er her


Sogn Avis
Laurdag
14. april 2012 • Nr. 72
Laussal kr. 20,–
Toyota Sogn
– din lokale bilforhandlar!
www.toyotasogn.no
✆ 57 67 66 66

**Fjell og flott natur dreg kompetanse**

Gründerverksemd doblar frå fire til åtte

**JAKTAR NYE KOLLEGAER:** *Frå venstre: Jørgen Borgesen Yast, Tore Friele Lie, Falkeblikk, Halvor Gregusson Yast, Håvard Halvorsen, nLink og Aslak Os, nLink. Arbeidskollegaer og turkompisar som etter kvart har blitt godt lokalkjende i Sogndalsdalen.*

Lett tilgjengelege skifjell og mektig natur er aktive verkemiddel for å lokka kompetansearbeidskraft til kunnskapsparken på Campus i Sogndal.

– Me fekk 40 søkjarar og har handplukka fem kandidatar som i helga er i Sogndal for å sjå på tilbodet me har lagt fram, seier Aslak Os, seniorkonsulent i nLink.

Side 10 og 11

**Frontkollisjon i tunnel**

**FJÆRLAND:** Fem personar vart sende til sjukehus etter ein front mot front kollisjon i Bergstunnelen fredag ettermiddag.

Side 5

**Ønskjer ferjefokus**

**LEIKANGER:** Fylkesvaraordførar Jenny Følling åtvarer mot at me gløymer ferjene medan me ventar på bruene.

Side 4

**Lokalfotballen rullar i Sogn**

**SOGN:** Les alt om Vik, Årdal FK og KIL-damer.

Side 16,17,18

Nyheit
MOBILT BREIBAND
frå kr 49,- per månad
Surf der du er, når du vil
NORDKAPP 71° N
57 00 91 00
enivest.no
enivest

Skal du
RYDDA?
Me har container til utleige!
Sogn Transportsentral
Industrifeltet - 6854 KAUPANGER



Her vert ei steinsprangblokk analysert med Schmidthammar.

## Studentar kartlegg skredfare i Lærdal

**LÆRDAL:** 24 studentar på geologi ved høgskulen i Sogn og Fjordane skal i neste veke (15.–19. april) øva seg på å kartleggja skredfare i Lærdal. – Det er utruleg viktig å koma seg ut av klasseromma og sjå spora i terrenget, seier professor Stein Bondevik – som saman med Rune Aa rettleier studentane. Studentar frå andre universitet, som ynskjer å læra å kartleggja skredfare, står i kø for å få plass, men i år er geologiklassen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane full. Ingen andre universitet i Noreg har tilsvarande kurs, fortel Bondevik.

## Nye eigarar

**AURLAND:** An-Margrit Lindtner og Marianne Holme har skipa selskapet Krutt & Kanel as, og kjøpt eigedomen der den tidlegare Aurlandskafeen heldt til på Aurlandsvangen. Krutt & Kanel as skal vera kafé, bakeri og ein arena for kulturformidling. Selskapet har søkt Aurland kommune om skjenkjeløyve for øl og vin fram til 2016, med An-Margrit Lindtner som skjenkjestyrar og Marianne Holme som assisterande styrar. Søknaden, som gjeld både for kafelokala innandørs og eit område på om lag 60 kvadratmeter utandørs, skal behandlast i utvalet for omsorg, oppvekst og kultur måndag 15. april.

# Sogn regionråd legg inn sterkt skulekort

■■ Samkøyrer tre stader ■■ Tek sin del ■■ – På største alvor

**LEIKANGER: – Me ordnar opp sjølve, det er faktisk det som skjer, seier Noralv Distad, regionrådsleiar, og konstaterer at Indre Sogn er klar med sitt innspel til skulebruksplanen.**



**REGIONFRONT:** *Sogn regionråd fann saman i ein løysingsorientert front, det står att og sjå om dei andre to regionane er like konstruktive.*

Eit innspel som han meiner står seg godt mot innsparingskravet, men også eit konstruktivt bidrag i det totale fylkesomsynet.

### På største alvor

– Me har teke det fylkeskommunale behovet på største alvor, seier Noralv Distad, og opplyser at regionrådet sin medverknad legg inn 20 millionar kroner spart i form av samkøyrd administrasjon og nedlagde klassar.

### Samkøyringa

– Me har strekt oss langt i Sogn, seier han, og avventar dei andre regionane sin medverknad.

Regionen sitt bidrag til kuttpakken har vore moglegg gjord gjennom samkøyring dei tre vertskommunane i mellom. Sogndal, Luster og Årdal har såleis, i første rekkje, medverka til det samla resultatet.

### Konstruktivt

No skal først fylkesrådmannen, og til slutt fylkespolitikarane, gjera ei samla vurdering for fylket totalt. Noralv Distad trur det skal gå bra i hop med det Sogn har rigga for sin region.

### Ein modell

– Eg meiner me har lagt inn eit veldig konstruktivt bidrag i sluttfasen, seier regionrådsleiaren, som sjølv har ei rolle på det fylkespolitiske nivået.

Han er ubeskjeden nok til å seia at Indre Sogn sitt bidrag kan framstå som ein tenleg modell for den realitetsorienterte haldninga fylkesrådmann Tore Eriksen har etterlyst i prosessen med ny skulebruksplan.

– Me har lukkast med å finna eit bra samsvar mellom arbeidslivet og skuletilbodet, men samstundes sett til at breidden er intakt og det samla tilbodet er attraktivt, seier leiaren av Sogn regionråd.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no

# Sterkt regionalt samarbeid

- Sogn regionråd skal vera
  - eit offensivt organ for å utvikla sogneregionen
  - talerøyr for regionen
  - arena for strategi/politikk om felles utfordringar
  - kraftfull og aktiv lobbyist /pådrivar i regionale saker
- Arbeidsgrupper bidreg til å vitalisera det politiske arbeidet. Vi har tre grupper:
  - næringsutviklings-/RUP-gruppe
  - samferdslegruppe
  - helsegruppe

